

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Møtebok

Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 20.05.2016
Tid: Kl. 09:00 – 12:00

Faste representantar som møtte:

Britt Domben Mulelid
Nils Jørgen Sagebø
Rakel Rise Hallset

Forfall faste representantar:

Frank Midtbø
Harry Gulestøl

Fylgjande vararep. møtte:

Joar Årøen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
19/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
20/16	Skriv og meldingar
21/16	Bremangerhallen - rekneskap 2015
22/16	Frøysjøterminalen KF - rekneskap 2015
23/16	Svelgen idrettshus - rekneskap 2015
24/16	Bremanger kommune - rekneskap 2015
25/16	Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av sjukefråvær
26/16	Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019
27/16	Saker og oppgåver for kontrollutvalet (utsett sak)
28/16	Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2016

I tillegg til medlemne, møtte:

KRYSS Revisjon ved Terje Førde (heile møtet) og Stig Årdal (sak 25)
Rådmann Tom Joensen
Sak 25 vart handsama først i møtet (etter godkjenning av innkalling og sakliste)

Underskrifter:

19/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Sak 25 vert handsama først i møtet.

Paktisering av melding og grunngjeving ved fråvær vart drøfta

BRE- 19/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

20/16: Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Rådmann Tom Joensen informerte om budsjett og rekneskap jf brev frå Fylkesmannen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 20/16 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

21/16: Bremangerhallen - rekneskap 2015

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Bremangerhallen vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 21/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Bremangerhallen vert godkjent.

22/16: Frøysjøterminalen KF - rekneskap 2015

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Frøysjøterminalen KF vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 22/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Frøysjøterminalen KF vert godkjent.

23/16: Svelgen idrettshus - rekneskap 2015

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Svelgen Idrettshus vert godkjent.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Sekretariatet refererte revisjonsmeldinga som ved ein feil ikkje var lagt ved utsendinga.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 23/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskap 2015 for Svelgen Idrettshus vert godkjent.

24/16: Bremanger kommune - rekneskap 2015

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Uttale til årsrekneskap 2015 for Bremanger kommune vert vedteken.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Nummerert brev 1/2016 med vedlegg vart delt ut. Dette vert også lagt ved saka vidare.

Rådmann Tom Joensen informerte om rekneskap og årsmelding.

Revisjonssjef Terje Førde informerte om revisjonen sitt arbeid, reveysjonsberetninga og innhaldet i nummerert brev.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 24/16 VEDTAK:

Uttale til årsrekneskap 2015 for Bremanger kommune vert vedteken.

25/16: Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av sjukefråvær

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet viser til forvaltningsnotat frå KRYSS Revisjon datert 12.4.16 og tingar forvaltningsrevisjon om oppfølging av sjukefråvær.
2. Problemstillingar i prosjektet:
 - a. Vert kommunen sine rutinar for oppfølging av sjukmelde følgde?
 - b. Har kommunen rutinar for registrering av eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær? Vert i tilfelle rutinane følgde?
 - c. Har kommunen rutinar for innkrevjing av refusjon frå NAV? Vert i tilfelle rutinane følgde?
3. Leveringsfrist for prosjektet: 1.11.16. Prosjektplan innan 31.5.16.
4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Forvaltningsrevisor Stig Årdal informerte om forvaltningsnotatet.

Endringsframlegg i møtet:

Punkt 2 c vert stroke.

Nytt under pkt 2:

Korleis er tilhøvet mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær i Bremanger kommune samanlikna med andre? Kva gjer kommunen for at tilsette kan nytte eigenmelding ved sjukdom jf avtale om Inkluderande Arbeidsliv?

Har kommunen rutinar for å søkje fritak frå arbeidsgjevarperioden for tilsette med kroniske

lidingar? Vert rutinane følgde?

Tilråding med endringsframlegg i møtet vart samrøystes vedteken.

BRE- 25/16 VEDTAK:

1. Kontrollutvalet viser til forvaltningsnotat frå KRYSS Revisjon datert 12.4.16 og tingar forvaltningsrevisjon om oppfølging av sjukefråvær.
2. Problemstillingar i prosjektet:
 - a. Vert kommunen sine rutinar for oppfølging av sjukmelde følgde?
 - b. Har kommunen rutinar for registrering av eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær? Vert i tilfelle rutinane følgde?
 - c. Korleis er tilhøvet mellom eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær i Bremanger kommune samanlikna med andre. Kva gjer kommunen for at tilsette kan nytte eigenmelding ved sjukdom jf avtale om Inkluderande Arbeidsliv?
 - d. Har kommunen rutinar for å søkje fritak frå arbeidsgjevarperioden for tilsette med kroniske lidingar? Vert rutinane følgde?
3. Leveringsfrist for prosjektet: 1.11.16. Prosjektplan innan 31.5.16.
4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

26/16: Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2016 - 2019

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert vedteken med følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i prioritering, og å legge til nye prosjekt i perioden.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Saka vert utsett til neste møte.

BRE- 26/16 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

27/16: Saker og oppgaver for kontrollutvalet (utsett sak)

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å førebu og legge fram saker i tråd med oversiktene i saksutgreiinga.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 29.03.2016:

Nytt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Det nye framlegget vart samrøystes vedteke.

BRE- 16/16 VEDTAK:

Saka vert utsett.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 27/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å førebu og legge fram saker i tråd med oversiktene i saksutgreiinga.

28/16: Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.05.2016:

Arnar Helgheim gjekk gjennom oppfølgingslista.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BRE- 28/16 VEDTAK:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.